



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval		19.03.2014
Kommunestyret		03.04.2014

## Høyringsvar - Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025

### Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Høyring og offentlig ettersyn av regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015 - 2025
- 2 Høyringsuttale frå Seljord kommune til ATP Telemark

Følgjande vedlegg i eigen mappe i Dropbox

Planforslag  
Handlingsprogram 2015 -2018  
Vedlegg 3, KU-rapport  
Vedlegg 4, Knutepunkt i Telemark  
Vedlegg 5, Beskrivelse av tiltak  
Vedlegg 6, Elbil Telemark  
Vedlegg 7, Urbanet arbeidsnotet  
Vedlegg 8, Evaluering av gjeldande planar  
Vedlegg 9, Utviklingstrekk senterstruktur

### Saksutgreiing:

Telemark fylkeskommune, Fylkesutvalet, vedtok i møte 25.02.2014 å legge utkast til nemnde plan ut til høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 8-3. Planen har som mål å legge til rette for befolkningsvekst og ei bærekraftig utvikling i Telemark. Planen er ei samanslåing av senterstrukturplan, fylkesvegplan, trafikktryggleiksplan og kollektivplan. Planen er ei nyskaping på den måten at han samlar fire planar som tidlegare ikkje var kopla godt nok saman.

Planens kortnamn er ATP Telemark og innhald i planen er:

- *Målsettingar for areal- og transportområdet i Telemark*
- *Strategiar for samordning, måloppnåing, prioritering og ressursutnytting innanfor areal og transportsektoren.*
- *Samordna handlingsprogram for 2015-18 (med investeringsprogram) for fylkesvegar, kollektivtrafikk, senterstruktur/stadutvikling og trafikktryggleik.*

Planarbeidet omfattar heile Telemark, og planen skal leggest til grunn for kommunal, regional og statleg planlegging og verksemd.

#### Planen har to overordna mål

- *Befolkningsvekst skal skapas ved å velje løysningar som sikrar attraktivitet for bedrifter, bebuarar og besøkande.*
- *Bærekraft skal skapas ved å velje areal- og transportløysningar som fremmer miljøvenleg transport, trafikksikkerhet, god folkehelse, og god samfunnsøkonomi.*

#### Overordna effektmål

- *Folketalsutviklinga i Telemark skal vere som landsgjennomsnittet.*
- *Arbeidsmarknadsintegrasjon en i Telemark skal auke med 10 % i regionane og eksternt.*
- *Klimagassutslepp frå transportsektoren på fylkesnivå skal reduserast med sin relative andel av den nasjonale utslippsreduksjonen på 30% innan 2020.*

#### Overordna strategiar

- *Satse på hovudferdselsårer – for større mobilitet for arbeidsreisande og næringstransport.*
- *Trygging av skuleveggar – for betre folkehelse og trivsel.*
- *Styrke kollektivknutepunkt – for meir brukarvenleg og effektiv kollektivnett.*
- *Effektivisere transportsystemet – for meir miljøvenleg transport, god forvaltning og god framkome.*
- *Styrke byar og tettstader – for trivsel, miljø og utvikling.*

I høyringssvaret har Seljord kommune gitt merknader innafor deltema kollektivtrafikk/knutepunkt og Senterstruktur.

Det er og nokre merknader til Handlingsprogram 2015 -2018 for ATP Telemark.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår Plan, miljø og teknisk utval til å legge fyljande framlegg til vedtak for kommunestyret.

Kommunestyret gjev Rådmannen mandat til å sende vedlagt høyringsuttale til Telemark fylkeskommune.

Utskrift til: Telemark Fylkeskommune